Til deg som går i 8. klasse

Invitasjon frå Den norske kyrkja

DEN NORSKE KYRKJA

Invitasjon til ein viktig del av livet

Du er berre eit år frå ein høgtidsdag i livet ditt.
No er det tid for å velje.

Konfirmanttida i kyrkja er ikkje berre for deg som trur

Å vere konfirmant i kyrkja er like mykje for deg som tvilar eller berre er nysgjerrig. I konfirmanttida får du høve til å utforske mange viktige spørsmål saman med andre. For det er nettopp det konfirmanttida handlar om – å lære meir om deg sjølv og Gud. Og om å få nye opplevingar saman med vener.

Konfirmanttida i kyrkja gir deg høve til å

- finne ut kva du trur på
- bli betre kjend med deg sjølv
- lære meir om Bibelen
- få nye tankar om livet
- utfalde deg kreativt
- oppleve eit godt fellesskap
- engasjere deg i kyrkja sitt arbeid for solidaritet og miljø

KVA SKJER I KONFIRMANTTIDA?

Konfirmasjonsdagen

Sjølve konfirmasjonsdagen er ein festdag for deg, familien og kyrkjelyden. Den er eit høgdepunkt i ei spennande tid der du har vore saman med andre for å oppleve, lære og skape.

Konfirmanttida

Opplegget for konfirmanttida varierer frå stad til stad. Men denne tida vil alltid innehalde ulike opplevingar, undervisning og samtalar om kristen tru og utfordringane i livet. Du vil også bli kjend med kyrkjerommet og vere med på gudstenester. Ein viktig del av konfirmanttida er å dele erfaringar med andre. Difor reiser dei fleste konfirmantgrupper på turar eller arrangerer andre aktivitetar. For mange er konfirmantleiren ei oppleving som gjev minner for livet.

Konfirmanttida var fantastisk! Før var eg usikker på kva religion eg høyrde til. Bønevandringa på leiren er noko av det finaste eg har vore med på.

—

Ida



Noko av det som har vore interessant med konfirmanttida er å lære meir om Bibelen, Gud og kristendommen. Og om kva som har skjedd før og korleis alt er blitt slik som det er no.

—

Laila

Det er veldig sosialt å vere konfirmant, og det gjev meg ein god følelse å vere saman i kyrkja. Vi gjer mange fine ting og alle får nytta evnene sine. Alle blir sett - alle har det bra.

—

Karen

Nokre viktige temaer vi tek opp i konfirmanttida

- Vennskap og relasjonar
- Gudstenesta og nattverd
- Sorg og glede, godt og vondt
- Gud, Jesus og Den heilage ande
- Kjærleik, seksualitet og samliv
- Bibel og bøn
- Sjølvbilete og menneskesyn
- Miljø og rettferd

Ei konfirmanttid for alle

Uansett funksjonsevne har alle rett til ei god konfirmanttid. Dersom det er behov for individuell tilrettelegging, ta kontakt med kyrkja di så snart det let seg gjere. Døvekyrkjelydane har også eit eige konfirmanttilbod. Sjå kontaktinformasjon på side 20.

Det vart ei heilt spesiell konfirmanttid,
som var tilrettelagt på ein fantastisk måte.
Eg tek ikkje for hardt i om eg seier at konfirmasjonen
var ein av dei beste dagane i Ola sitt liv, så langt.

—

Tommy, far

Ola, tidlegare konfirmant

VI OG VERDA

Jesus lærte oss mykje om korleis vi menneske skal leve saman, og korleis vi skal ta vare på kvarandre og den verda vi lever i. Dette tek vi på alvor i konfirmanttida.

Solidaritet og nestekjærleik, engasjement og omsorg er viktige tema. Omsorg for andre, fredsarbeid og vern av klima og miljø er nokre av oppgåvene våre. Desse utfordringane treng engasjerte unge som kan jobbe for å skape ei meir rettferdig verd – lokalt og globalt.

Kva er konfirmasjon?

På konfirmasjonsdagen går du ut av kyrkja med Guds velsigning over deg og over livet som ligg framfor.

I Den norske kyrkja er konfirmasjonen ei forbønshandling. Ordet konfirmere tyder å stadfeste eller styrke.

Det er ikkje ein føresetnad for konfirmasjonen at konfirmanten skal stadfeste noko, det er Gud som stadfester lovnadene sine slik dei vert gitt i dåpen.

Konfirmasjonsgudstenesta er høgtideleg og fin, og alle konfirmantane kjem fram og kneler ved alterringen. Presten eller konfirmantleiaren din ber for deg.

Tida som konfirmant fekk mykje å seie for korleis eg trur og korleis eg er sosialt.

—

Daniel

ER DU IKKJE DØYP*?

Bibelen fortel at dåpen er Guds gåve til oss.

Dåpen er eit synleg teikn på Guds kjærleik, og på at den døypte er ein del av kyrkja. Dersom du ikkje er døypt, kan du vere med i konfirmanttida, bli kjend med trua og velje om du vil bli døypt undervegs.

Dåpen er ein føresetnad for å ta del i den avsluttande forbønsgudstenesta. Fleire enn 1400 vert kvart år døypte under konfirmanttida.

Det var godt å stå ved døypefonten, og det kjendes så rett.

—

Sofia

Vi snakka mykje om det vi ungdomar går gjennom, og som vi kanskje ikkje pratar så mykje om på skulen eller med foreldra.

—

Elena

TID FOR NYE OPPLEVINGAR

Først trudde eg at det ville bli kjedeleg. Det som overraska meg mest var at eg kunne vere meg sjølv.

—

Birger

Eg hadde lyst til å lære meir om kristen tru, og så blei eg døypt i konfirmanttida.

—

Julia

Lij hijven jerkesne årrodh jïh jeatjah saemieh abpe laanteste gaavnesjidh.

—

Maidi

Det var fint å vere på leir og møte andre samar frå heile landet.

—

Maidi

SAMISK KONFIRMANT?

Bli med på samisk konfirmantleir for konfirmantar frå heile landet.
Uansett kvar du bur kan du vere med på samisk konfirmantleir, 8.-11. mars 2018 i Storfjord.
Les meir på *kyrkja.no/samisk*

Sámi konfirmánta
Boađe mielde sámi konfirmántasiidii mii lea konfirmánttaide miehtá riikka.
Gos dal orožat, sáhtát leat mielde sámi konfirmántasiiddas, Njukčamánu 8-11. B. 2018 , Omasvuonas.
Loga eambbo dás: *kirken.no/samisk*

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Gud har gitt oss eit ansvar for skaparverket og for medmenneska våre.

Fasteaksjonen er ein stor dugnad før påske. Da går konfirmantane saman med foreldre og andre vaksne frå dør til dør for å samle inn pengar til det arbeidet Kirkens Nødhjelp gjer over heile verda.

Kirkens Nødhjelp er kyrkjelydane sin internasjonale hjelpeorganisasjon. Vi gir nødhjelp i katastrofar, hjelper folk ut av fattigdom og påverkar dei som har makt til å gjere noko med årsakene til urettferd.

fasteaksjonen.no/om-aksjonen

kirkensnodhjelp.no

Saman endrar vi verda

Fint at vi kan bety noko for andre. Vi gjekk to og to eller tre og tre saman med ein vaksen, og det var bra. Da var det lettare å be om bidrag til aksjonen.

—

Julianna

Godt å vite at vi som er unge, kan bidra med noko, når vi veit at det er så mange som treng hjelp. Sjølv om det er ein liten ting å gå med bøsse, betyr det mykje for dei som får hjelp.

—

Mia Josefine

I Sarpsborg er det eit breitt samarbeid om Fasteaksjonen. Fleire kyrkjesamfunn og trussamfunn er med. Frå venstre: Brage Grimme Eide, Nicolai Hauge, Julianna Hedin Jordal og Mia Josefine Fiskerud, alle fjorårskonfirmantar.

CHANGEMAKER

KVA ER CHANGEMAKER?

- Ungdom som påverkar urettferda i verda gjennom kreative kampanjar mot dei som bestemmer.
- Jobbar med tema som menneskerettar, klima og miljø, fred og konflikt.
- Leirar og seminar fleire gonger i året der vi diskuterer, lærer, leikar og endrar verda.
- Som Changemaker-medlem får ein medlemsbladet fire gonger i året og er på ein enkel måte med på å endre verda.

Vil du forandre verden?
Sjekk
changemaker.no/bli-medlem

Bli ein Changemaker!

Synest du verda er urettferdig? Gjer noko med det!
Bli med i ungdomsorganisasjonen til Kirkens Nødhjelp:
Changemaker! **Sjå changemaker.no**

Ung i kyrkja

Du vel korleis du skal engasjere deg i kyrkjelyden etter konfirmasjonen. Du høyrer alltid til i kyrkja – enten du vel å bli med i ungdomsarbeidet, eller du vel å kome til kyrkja ved andre høve. Dei fleste stader finst tilbod til unge i kyrkja og i organisasjonar som driv kristent ungdomsarbeid. Dette blir du kjend med i løpet av konfirmanttida.

Du kan røyste

Når du fyller femten år, er du religiøst myndig. Då kan du mellom anna bruke den kyrkjelege stemmeretten din ved kyrkjeval. Dette er ein av måtane du kan nytte for å påverke det som skjer i kyrkja.

Eg gleda meg til kvar konfirmantsamling.
Det var eit kjempegodt miljø og no er eg vorten konfirmantleiar!

—

Anna-Lotta

Påmelding til konfirmanttida

Kyrkja du høyrer til sender ut eigne brev som omtaler det lokale opplegget for konfirmanttida. Nokre stader er konfirmasjonen om våren, andre om hausten. Det betyr at kyrkjene sender ut informasjon til ulike tidspunkt, og at dei har påmelding til ulike tider.

Du finn informasjon om påmelding på kyrkjelyden sine heimesider. Dersom du ikkje veit kva for kyrkjelyd du høyrer til, kan du gå inn på kyrkja.no og søkje under «Finn kyrkjelyd».
På side 19 finn du telefonnummer til kyrkjelyden.

DØVEKYRKJELYDANE

Døvekyrkjelydane har eige konfirmanttilbod.
KONTAKTINFORMASJON
Døves menighet i Trondheim:
Telefon: 73 51 60 77
SMS: 90 64 46 65
dovekirken.no/trondheim

UTANLANDS NESTE ÅR?

Du kan vere knytta opp til ei av sjømannskyrkjene rundt om i verda og ha konfirmasjon der eller i eigen kyrkjelyd i Noreg. Det er også mogleg å vere «nettkonfirmant».
Sjå sjomannskirken.no
eller nettkirken.no.

FOR ALLE

Konfirmanttida skal vere ei fin tid for alle. Dersom det er behov for individuell tilrettelegging, ta kontakt med kyrkja di så snart det let seg gjere.

SJÅ FILM OG LES MEIR

kyrkja.no/konfirmasjon

DEN NORSKE KYRKJA

STØRST AV ALT
TRU • HÅP • KJÆRLEIK

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Konfirmant 2018 er utgiven av Kyrkjerådet og bispedømø i Den norske kyrkja i samarbeid med og med støtte frå Kirkens Nødhjelp. Designmal: Anti. Trykk og layout: bk.no
Foto: Bo Mathisen, Tommy Normann, Sveinung Bråthen, Robert Dreier Holand, Rune Kongsro, Stian Gustafsson, Torstein Ihle, Lillian Grumsgard